

700 år før si tid

Ramon Llull er kjent for å ha skrive den første store romanen på katalansk, men i våre dagar også for å vera det eldste kjente opphavet til data-teori.

HISTORIE
**JOHANNES A.
NYMARK**

Institutt for fagspråk og
interkulturell kommunikasjon, NHH



Llull levde i ei tid då nye, sekulære grupper gjorde sin entré på universiteta og i del intellektuelle dilsputtane i samfunnet. Ein urban kultur utfordra dei religiøse ordenane som med sin skolasikk såg til autoritetane og tradisjonane i sine forsök på å sameina gresk filosofi med den kristne læra.

Ramon Llull var kan henda den som mest konsekvent mabar intensjonane om intellektuell uavhengigheit, i alle fall i den sørvestre delen av Europa.

Fartil det katalanske. Ramon Llull kom frå Palma på Mallorca og opplevde at kongedomma Mallorca og Aragon blei tett integrerte. Den aragonesiske krona omfatta også fyrstedømmet Catalonia, som på grunn av geografisk plassering var særsviktig i skipsfarten på Middelhavet. Det var difor katalansk, og ikkje aragonesisk eller mallorckinsk, som blei det språket sjøfarande ført med seg til italienske byar og greske øyer når dei handla med handelsmenn i dei nordlege delane av Middelhavet. Ramon Llull blir rekna som far til det katalanske språket, på same vis som han samtidige Dante Alighieri (1265–1321) er far til det italienske språket.

Ramon Llull var den første som nytta katalansk på eit område der latin hadde vore eine-rådande, nemleg i ei filosofisk avhandling. Kjent er han også for å ha skrive ein av dei aller første romanane i den vestlege kulturverda. *Blaquerna* er bygd på sjølvbiografiske data, men Llull spinn vidare ut frå eige liv, og den geistlege hovudpersonen endar til slutt opp som pave.

Snar med å forenkla. Gjenom Llulls tallause litterære verk tok katalansk språk til å bli nytta

på nye område. Det var eit folkespråk med mange dialektale variantar, sidan språket på den tida sjølv sagt ikkje blei normalert, og ut frå det faktum at språket blei teke i bruk over eit stort område i det nordlege Middelhavet. Ramon Llull var ikkje spesielt boklærd, og skreiv aldri for å brillera, men for at folk flest, dei som kunne lesa, skulle forstå han. Fekk han på pukkelen for å skriva for vanskleg, var han snar med å forenkla.

Det finst ingen prov på at Llull nokon gong gjekk inn i ein religiøs orden, men han blei verande ein sekular som gjekk inn for å studera og skriva om vitskaplege tema. Dei sekulære intellektuelle sökte eit åndaleg liv utanfor klostera, et liv der del til dømes kunne gifta seg. Ramon Llull sjølv gifta seg i 1257 og blei far til to, Domingo og Magdalena. Etter at han runda 30, fekk han fleire syner av den korsfesta Kristus, og inspirert av Frans av Assisi levde han så resten av livet i forsaking og fattigdom.

Llull sette seg som mål å skriva ei bok som skulle bli «den beste i verda mot dei vantru sine feil og lyte». For å gjera systemet kjent la Llull ut på ei rekke reiser, alltid til viktige stader for misjonsverksamda. Reisene hans var omfattande, frå Paris og det renommerte Sorbonne-universitetet i nord til Tunis og andre mål i Nord-Afrika, frå Santiago de Compostela i det nordvestlige hjørnet av den iberiske halvøya og til italienske byar, der Roma og Vatikanstaten sjølv sagt var viktigast.

Respekt og godvilje. I mange av Ramon Llulls teologiske skrifter legg kunnige representantar for dei tre religionane som har sitt utspring i Abraham – islam, jødedommen og kristendommen – fram sine argument for ein ukunnig vantru, slik at sistnemnde skal kunna velja den rette trua. Llull meiner at det nødvendigvis vil føra den vantru til kristendommen. Spesialistar på Ramon Llull legg vekt på den respekten og godviljen som dei



Etter at han runda 30, fekk han fleire syner av den korsfesta Kristus, og inspirert av Frans av Assisi levde han så resten av livet i forsaking og fattigdom.

kunnige legg for dagen andsynes kvarandre. Der er ingen konfrontasjoner, berre framlegging av rasjonelle argument.

I 1295–1296 skrev Ramon Llull *L'arbre de ciència* («Vitskapsstreet»), og her nemner han i forordet at han vil skriva ei bok som skal gjelda for alle vitskapar. Med ein logisk-matematisk basis vil Llull utvikla Sanninga (med stor S). Litt om senn tilpassa han systemet til dei viktige vitskaplege mellområderdisiplinane: teologi, filosofi, logikk, retorikk, jus, medisin og astronomi. Metoden over alle metodar blei også vitskapen over alle vitskapar. Som utgangspunkt kan vi sjå på teikning 1.

Vi har tre sirklar på papirplater som dreier rundt ein akse som dei kan gå rundt. Papirplatene inneheld ei lita gruppe bokstavar, Ramon Llulls alfabet. Når sirklane steg for steg blir dregne rundt, får vi alle moglege kombinasjonar av desse bokstavane.

Som er rita inn. Den neste fliguren viser ikkje berre bokstavane som er rita inn, men også ulike definerte melinngar. Som ein ser, står bokstavane B til K i denne første figuren (*prima figura*) ytst ute i sirkelen, og ved å svinga på dei ulike komponentane av sirkelen kan ein laga forskjellige setninger. I den neste figuren, den andre figuren (*seunda figura*), finn ein kategoriar og tankerelasjonar.

Vi har her ei sirkelmaskin som produserer ordkombinasjonar når vi steg for steg vender på sirklane. Dei niorda Llull sette inn i figur 1, er slike som viser til karakteristikken ved Gud, og kombinerer ein desse med orda i figur 2, skal modellen kunna visa alle moglege utsegner om Gud.

Det neste steget i metoden synar oss eit interessant fenomen, sjá teikning 4. Bak rekjkene av bokstavar i denne såkalla *Tabula Generalis* (allmenn/global figur/tabell) skjuler det seg ord frå dei nyss nemnde figurane. Bak desse rekjkene av bokstavar ligg, ifølgje Ramon Llull, heile den menneskelege visdommen. Dette

**JOHANNES A.
NYMARK**

- Fødd 1949.
- Har arbeidd ved Norges handelshøgskole, der han har forska, publisert og undervist i spansk språk og i spansk og latinalamerikansk kultur, samfunn og historie.
- Han har skrive *Draumen om Catalonia – katalansk identitet i historisk lys* (Samlaget 2015).

kjem av at bokstavane i Llulls alfabet har eit enormt meaningspotensial. Denne *Tabula Generalis* er såleis meint å representera eit samla sett av logisk sanning.

Maskin som kan tenka. Llulls store generelle bidrag er at han prøvde å gjera logiske avleitinger på mekanisk vis, og ikkje berre mentalt, som eit første forsiktig steg på vegn mot «ei maskin som kan tenka». Tyskaren Gottfried Leibniz (1646–1716) var den som 400 år seinare for alvor utnyttet det potensialet som låg i Ramon Llulls oppdaginger. Den tyske vitkapsmannen tolka Ramon Llulls *Ars Combinatoria* som ei form for automatisk tankegang.


I vår tid har ein sett Llulls system i samband med datakalkylar. Fleire komponentar i Llulls oppsett har kunna innlemmas i *datateknologien*: frå tanken om å resonnera seg fram til logiske resultat, slik Leibniz gjorde, via utviklinga av logiske setningar med symbolske nemningar, som blei utvikla av George Boole (1815–1864) innanfor matematikken, og ein allmenn deduktiv metode i den logiske analysen, til eit generativt system ved hjelp av diagram (grafteorien ut frå Llulls trekantfigurar).

Det blir hevda at Ramon Llull også var ein føregangsmann for fysikken (gravitasjonen), utviklingsteorien og etiologien (læra om åferdsmønster). Det vi trygt kan seia, er at han, i tillegg til datateknologien, gav særsviktige bidrag til *språkvitskapen*, ved å ta i bruk folkespråket på ulike språkområde. Llulls *Ars Combinatoria* har fått somme til å setja han i samband med kombinatiorisk semantikk, som er vesentleg ved kognitiv lingvistikk og data-lingvistikk.

Post scriptum. Situasjonen til Ramon Llull kan overførast til akademia i våre dagar. Medan tradisjonelle tolkingar av dei heilage skriftene i seinmellomalderen stod i vegen for ny kunnskap og nye idear, er det i



B D D A B A B D B
B D E B D E B D E
B D B D B D B D B
B D B D B D B D B
B D C D B D C D B
B D C D B D C D B
B D C D B D C D B
B D C D B D C D B




TABVLA. GENERALIS.											
BDT	CDT	DEFT	EFGT	FGBT	GDT	BKT	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
BCTB	CDTC	DET	EFTF	FGTG	GFTB	BTK	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
BCTC	CDTD	DETE	EFTF	FGTB	GFTB	BTK	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
BCTD	CDTE	DFTD	EGT2	FBTF	GITG	BTK	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
BDTB	CETD	DFTB	EGTG	FBTG	GITB	BTK	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
BDTC	CETE	DFTF	EGTG	FBTG	GITB	BTK	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
BDTD	DETE	DTDE	ETEF	FTFG	GTGB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
BTBC	CTCD	DTDF	ETEG	FTFB	GTGB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
BTBD	CTCE	DTEF	ETFG	FTGB	GTGB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
CDTB	DETC	EFTD	FGTE	GBTF	GBTG	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
CDTC	DETD	EFF	FGTG	GBTG	GBTG	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
CDTD	DETE	FTTF	FGTG	GFTG	GFTG	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
CTBC	DTCD	ETDE	FTEF	WTGF	GTPG	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
CTBD	DTCE	ETDF	FTFG	FTFB	GTFB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
CTCD	DTCD	ETDE	ETFG	FTFG	GTFB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
DTBC	ETCD	ETEF	FTFG	GTEF	GTFB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
DTBD	ETCE	FTDF	GTGF	OTEG	GTFB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
DTCD	BTDE	FTEF	GTFG	GTFG	GTFB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB
TBCD	TCDE	TDEF	TEFG	TEFG	GTGB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB	BTB

PRIMA FIGVRA.



SECVNDA FIGVRA.



dag kommersialisering, mālstyring, bedriftstankegang og nytteverdi som styrer vitskapane i akademia, i for stor grad.

Ramon Llulls enorme produksjon viser i alle fall to ting: 1) (Grunn)forsking gir ofte ikke resultat på kort sikt; og 2) Også humanistar kan bidra med idear til ny forskning og revolusjonerande resultat, tilmed på andre

og uventa felt, som naturvitenskap og teknologi. Diverre ser det ut til at māktmenneske i dag er meir opptekne av kortsiktig enn av langsiktig gevinst.

Ein kunne så mānn vera freista til å skriva under på noko Sigrid Undset skreiv om Ramon Llull alt i 1933: «Hadde han funnet tilstrækkelig forstaaelse, kan det hāende at hele ver-

den vilde ha sett anderledes ut i dag».

LES MER

○ Syn og Segn juleutgåve
Teksten er eit utdrag av ein tekst i siste utgåve av Syn og Segn.

HEILT ANNLEIS: Sigrid Undset skreiv om Ramon Llull (1232/33–1315/16) at «hadde han funnet tilstrækkelig forstaaelse, kan det hāende at hele verden vilde ha sett anderledes ut i dag».

Foto: Mari Hommedal

